

Konstituering

Landsstyrets innstilling:

1 Konstituering

Møtedirigentar

Trine Skei Grande, Alfred Bjørlo (leiar for dirigentkorpset), Eva Kvelland, Daniel Heggelid-Rugaas, Runar Bålsrud, Hallstein Bjercke, Gunn Berit Gjerde, Toril Berge, Jonas Stein Eilertsen, Inge Carlén, Stian Skår Ludvigsen, Guri Melby, Øistein Svelle.

Møtereferantar

Runolv Stegane (leiar for referentkorpset), Kjartan Almenning, Tove Hofstad, Thori Sundåshagen, Naomi Ichihara Røkkum, Anne Solsvik, Geir Olsen og Ingvild Boe Hornburg.

Møtesekretærar

Trond Enger (leiar for sekretærkorpset), Kjartan Almenning, Morten A. Hagen, Thomas Havro Hansen, Steinar Haugsvær, Camilla Hille, Tove Hofstad, Ingvild Boe Hornburg, Guri W. Kinneberg, Jan-Christian Kolstø, Geir Olsen, Audun Rødningsby, Naomi Ichihara Røkkum, Per Magnus Finnanger Sandsmark, Anne Solsvik, Runolv Stegane, Thori Sundåshagen og Anja Zabelberg.

Tellekorps

Mirjam Engelsjord (leiar for tellekorpset), Boye Bjerkholt, Jan Fjellstad, Erlend K. Schjelderup

Fullmaktsnemnd

Harald Hove, Ragnhild Helseth, Torild Skogsholm

Protokollsignatarar

Per A. Thorbjørnsen, Maren Hersleth Holsen

Redaksjonsnemnd for LM 2013 (vald av LM 2012):

Ola Elvestuen (leiar), Oslo
Trond Åm, Sør-Trøndelag
Hanne Nora Nilssen, Nordland
Julie Andersland, Hordaland
Olav Kasland, Telemark
Ellen Bjørge, Møre og Romsdal
+ Representant for NUV

1. vara: Per Elling Braseth-Ellingsen, Østfold
2. vara: Irene Dahl, Troms

Konstituering

Landsstyrets innstilling:

2 Forretningsorden

1. Landsmøtet vert leia av møteleiarar som blir valde ved konstitueringa av møtet. Møteleiarane sørgjer for at dei oppsette rammene for debattane vert overhaldne, og har difor høve til å bestemme avgrensa taletid og når «strek» skal settast.
2. Landsmøtedeltakarar med talerett melder seg på talarlista ved tydeleg å vise nummerskilt, eller ved å levere inn særskilt skjema dersom dette vert brukt. Møteleiar kan gje taletid til andre landsmøtedeltakarar i kvar einskild sak. Alle innlegg, bortsett frå møteleiar sine, skal skje frå talarstolen.
3. Møteleiar kan tillate inntil to replikkar til debattinnlegg med påfølgjande svarreplikk. Ein replikk kan maksimum være eitt minutt lang, og skal omhandle siste debattinnlegg. Landsmøtedeltakarar teiknar seg til replikk ved tydeleg å vise nummerskilt saman med eit farga ark. Møteleiar gjev replikk til dei som først ber om det.
4. Alle forslag må leverast skriftleg til møteleiarane, og på eige skjema om slikt finst. Til større saker har møteleiarane høve til å be om at alle forslag vert levert elektronisk.
5. Forslag om å utsetje eller oversende ei sak skal handsamast umiddelbart når det vert lagt fram. Møteleiarane har utover dette høve til å bestemme vteringsorden.
6. Vedtak på landsmøtet vert fatta med simpelt fleirtal når anna ikkje er bestemt i Venstres vedtekter. Vedtak skal fattast ved framsyning av delegatskilt. Ved stemmelikskap skal det gjerast ei ny votering. Ved andre gongs stemmelikskap vert innstillinga ståande.
7. Forslag til saker eller politiske fråsegner som kjem inn etter vedtektsfesta fristar (1. mars eller for fråsegner 22. mars) må oppnå 2/3-fleirtal for å kunne realitetshandsamast.
8. Ved personval gjeld følgjande:
 - a) Valkomiteen, dersom valet er førebudd av denne, presenterer først sitt arbeid og si innstilling. Alternative forslag til valkomiteen si innstilling skal settast opp mot ein bestemt person i denne innstillinga. Kandidatane har høve til opp til tre støttetaler kvar, og avgjer sjølve om dei vil nytte ei av desse personleg.
 - b) Dersom det er fleire enn to kandidatar til eitt bestemt verv, må kandidaten ha minimum 50% av røystene for å bli vald. Oppnår ingen av kandidatane 50% av røystene i første valomgang, fell den av kandidatane med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd dei naudsynte 50% av røystene. Ved stemmelikskap skal det gjerast ei ny votering. Ved andre gongs stemmelikskap vert valet avgjort ved loddtrekking.
 - c) Personval skal gjennomførast skriftleg om minst ein av landsmøtedelegatane krev det.
9. Ved handsaming av politiske fråsegner gjeld følgjande:
 - a) Ved starten av møtet skal redaksjonsnemnda ha distribuert forslag til antal fråsegner som skal handsamast, og ei innstilling på innhaldet i desse

- 105 fråsegnene, basert på forslag som er levert innan fristen. Frist for å fremje
 106 alternative fråsegner er ved møtestart.
- 107 b) I prioriteringsdebatten vedtek Landsmøtet først talet på fråsegner som skal
 108 handsamast. Alternative forslag til redaksjonsnemndas innstilling må deretter
 109 settast opp mot ei konkret fråsegn i innstillinga, eller på open plass. Dersom det
 110 er fleire enn to alternativ til ein "plass" vert det votert alternativt mellom to og to
 111 forslag. Forslaget som får flest stemmer går vidare til neste voteringsrunde inntil
 112 det står eitt forslag att.
- 113 c) Alle fråsegner som får fleirtal i prioriteringsdebatten, vert handsama i plenum,
 114 innanfor tida avsett i programmet og etter at redaksjonsnemnda har vurdert
 115 fråsegnene på nytt.
- 116
- 117 10. Ved handsaming av stortingsvalprogram gjeld følgjande:
- 118 a) Frist for å sende inn forslag til endringar til programnemndas forslag til
 119 stortingsvalprogram er 1. mars. Landsstyret innstiller deretter til Landsmøtet, og
 120 Landsstyrets innstilling ligg til grunn for handsaminga.
- 121 b) Landsstyret innstiller på forslaga som "ikkje realitetshandsama", "redaksjonelt
 122 forslag", "vedteken" eller "avvist".
- 123 c) Forslag som er innstilt "ikkje realitetshandsama", "redaksjonelt forslag" eller
 124 "avvist" vert votert over under eitt, i tre separate bolkar. Dersom eit slikt forslag
 125 skal voterast over enkeltvis, må det aktivt oppretthaldast av ein av
 126 landsmøtedelegatane innan onsdag 10. april klokka 12:00.
- 127 d) Om landsstyret si innstilling om "ikkje realitetshandsama" eller "redaksjonelt
 128 forslag" ikkje får tilslutning, skal landsmøtet handsame forslaget utan innstilling.
 129 Eit slikt forslag vert automatisk votert over enkeltvis, under det tilhøyrande
 130 kapitlet, og må aktivt voterast inn.
- 131
- 132 11. Eventuelle endringar i vedteken forretningsorden krev 2/3-fleirtal.
- 133
- 134